



Dette er konfirmantkullet i år i Uskedalen. Tysdag ettermiddag skal dei samla inn til Kirkens Nødhjelp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Ta godt i mot konfirmantane når dei er bøssebærarar for eit godt føremål frå klokka 17 tysdag ettermiddag! Det er soknerådsleiar i Uskedalen Audun Eik som kjem med denne appellen framfor det som er ein årleg rutine: Å vera bøsseberarar for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon tysdag før palmesundag.


I fjor var det berre fire konfirmantar i bygda og dei hadde difor ein krevjande jobb. Men i år er det 24 konfirmantar og dei stillar sterkt under innsamlingsaksjonen, som også nokre av foreldra skal vera med på.

Innsamlinga er ein viktig del av konfirmantopplegget, for konfirmantane skal også lyfta blikket utover mot dei som ikkje har det så godt som oss og som treng all den støtte vi kan gje dei. Det er menneskje som lever i skuggen av krig og terror og som treng hjelp til å byggja ei betre framtid.

Pengane som vert samla inn tysdag går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid over heile verda og då ikkje minst til skulegang og helseomsorg, men også til fredsarbeid.

Konfirmantane har bøsser merka med Kirkens Nødhjelp og ID-merke med namnet sitt og nummeret på bøssa.

Av Ola Matti Mathisen



Konfirmantane klare for innsamling i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)